

# Historia om Ladrom

TORA VISNES

*Gå i gatene om nettene, i mørke, snakk med framande kvinner.*

*Ta sjansar, hald deg i utkanten, nær grensene, skrå så inn mot sentrum og vyrk der i korte økter om gongen.*

*Ver vaken, sov ikkje, du er ikkje fri.*

Ally Bildertun (frå *Manifest i fengsel*)

Eg var i føredragsalen, hørte på ein professor i filosofi. Føredraget tok utgangspunkt i Hegels herre/træl-motsetnad, der trælen representerte det rasjonelle og arbeidande mennesket som gjorde at samfunn kunne utvikle seg i sivilisatoriske kulturar, medan herren vart ein representant for det overskridande, som om tenaren la til rette for herrens dekadanse. Bataille følgjer opp Nietzsches konfrontasjon med Hegel og det rasjonelle, i ei analyse som lyfter fram ekstasen, latteren og kunsten som uttrykk for det å utfordre sjølve døden. Hja Bataille får trælen nytteøkonomiens kropp, medan herren, frigjort frå alle verdslege plikter, kan kaste seg ut i ein sjølvutslettande øydingspraksis der overskot er til for å brukast.

Eg prøvde å førestelle meg korleis dette kunne passe inn i dag, kven var herre og kven var træl, kven kunne øyde frå morgon til kveld? Var eg ikkje sjølv i ferd med å verte slik? Og korleis kunne desse teoriane nyttast for å kaste lys over menneskas situasjon her og no? Mannen på podiet held fram i teorien, enda opp i Bataille sine banale konklusjonar om eit møte med gud i overskridinga, når alt kom til alt enda vi opp i språket, ja, i poesien. Då lyfta eg handa, spurte om kva dette hadde med meg å gjere, eg som ikkje hadde sans for poesi. Han svara at poesien låg innebygd i språket, anten eg ville det eller ikkje, at det var der vi alle møttest. Dette svaret fekk meg til å stå opp, eg hoppa frå stolrygg til stolrygg nedover auditoriet til eg stod framfor han. Eg bad han halde kjeft og slo han så hardt eg kunne med knytt neve. Professoren fall bakover, hovudet slo inn i ein hard kant. Han var død.

I fengselet vart eg kjend med Synne, ei kvinne frå Kvinnherad. Ho fortalde om korleis ho på syttitalet

hadde vore leiar for ei gruppe kvinner som arbeidde for kvinners rett til å styre. Det som hadde teke til som faste møte kvar torsdag i hennar hus, hadde vakse til å verte eit samfunn av og for kvinner. Møta vekte mange, dei skilde seg og gjekk inn i organisasjonen i full overtunding. Dei kjøpte opp fleire gardar for å dyrke grønnsaker og elles drive jorda med sau, ku og gris.

Etter kvart som det kom fleire kvinner til, vart det sett opp nye hus, ein liten landsby av hytter der dei budde fire i kvar. Ut på åttitalet vart det også teke inn menn som arbeidskraft, dei fekk bu i enkle stover på nedsida av gamlefjøset, der det tidlegare stallanlegget hadde vorte bygd om til bustader. I løpet av nittiåra vart det opna for fleire menn, som etter kvart kom i overtal og danna i løynd sin eigen organisasjon for å kjempe fram betre rettar og kår. Mennene levde under strenge reglar, og trass i møteforbod makta dei å samle seg. Motsetnadene eskalerte, det vart gjort opprør då kvinnestyret ikkje ville bøye av, og til slutt enda det i blodbad, der Synne skaut og drap fem menn.

Det var fleire andre av mine medfangar som hadde drapsrøynsler, eg skreiv ned det dei kunne fortelje, samla ulike personlege historier i ei bok som vi fekk trykt og bunde inn i verkstaden på avdeling D. Dei enkle bøkene vart distribuerte ut til fangane, og på kort tid var dei spreidd rundt i heile fengselet. Det vart arrangert høgtlesingar der kvinnene las sine eige forteljingar frå boka, og snart vart eg kontakta av andre fangar som ville kome med sine historier. Eg gav ut tre slike sjølvлага bøker i perioden eg sat inne.

Fyrste dag som fri kvinne tok eg bussen til Bergen, leigde ein bil og køyrte til Kvinnherad. Garden som hadde lagt nede sidan drapa, var ikkje mindre enn ei eiga bygd, kalla Ladrom. Eg søkte opp namn eg hadde fått av Synne, kvinner som no hadde spreidd seg over eit større område i fjella. Eg fekk kontakt med Lisa, og dagen etter hadde ho fått samle Nina, Tina, Mina, Dina og Sina. Vi hadde eit møte, eg la fram mine planar, utvikla i samråd med Synne. Kva kunne vi lære av det vi hadde opplevd, og kva var det vi ville? Målet var å bygge eit nytt samfunn, eit idealsamfunn, for både menn og kvinner. Dette samfunnet skulle fungere som eit døme for resten av landet, ein modell. Vi gjekk straks i

gang med å samle folk, på under ei veke hadde vi samla nittisju kvinner. Ingen hadde gifta seg opp att, alle hadde gått og venta på ei ny tid. Husa vart pussa opp, jordbruksreiskapar og maskiner vart sett i stand, nye hus og verkstader vart bygd, det vart investert i presser og utstyr for bokinnbinding. Det fyrste produktet vi laga var boka *Frå Fengselet*, dikt frå tre av fangane på avdeling D. Eitt av dikta gjekk slik:

I kvar ein del eg er på rygg og kne, og vegen ligg der i sitt skritt, med blanke spor i kant, det renn. Ein venn er til å lukte på, slik luft er luft for dyr og strå og den som vil til hunden gå, og langs eit berg, ei seng. Eg hørte dag og natt ein song så vond som frå ein katt, den datt og slang seg ut og ned til grunnen under, utan å gå sund. Du som står i vegen, kom deg inn og sløkk ditt lys, alt du har er innom hus, det ligg på senga inni songen.

Kvinna som skreiv dette heitte Doris Lyng, ho skreiv sidan ei mengd nye dikt som vi samla i ei eiga bok. Denne vart den fyrste vi søkte med til den statlege innkjøpsordninga for ny norsk skjønnlitteratur, der den vart vurdert av Det Litterære Råd, og kvalitetsgodkjend. Debuten gjorde henne kjend landet over. Gjennom avisintervju og opplesingar på kafear og litteraturfestivalar vart Doris ei viktig brikke i arbeidet for å synleggjere Ladrom. Vi arbeidde med å få kvinnene til å ta attende mennene, attgiftning vart vanleg, og litt etter litt vart bygda kjend som ein stad der alle var inkluderte. Nye barn kom til, nye generasjonar. Medan nye bygg vart reist gjekk stadens status frå bygd via byg til by. Kulturhus vart reist, festivalar haldne, folk kom reisande til og mange vart verande. På nokre tiår var byen større enn Oslo og Bergen til saman, den hadde eit gjennomtenkt og moderne kollektivsystem. Privatbilen var eit alderdomleg framkomstmiddel som snart forsvann. Vegane grodde til og vart ein del av naturen, reiser skjedde gjennom lufttunnelar, eit nytt system som reinsa miljøet. Alt dette utan Synne. Men ein dag vart også ho sett fri. Eg hugsar ho kom gåande til Ladrom. Ho hadde teke seg fram på ein av dei gamle vegane, kom ruslande inn hovudgata med auga gøymt bak eit

par mørke solbriller. Eg møtte henne, prøvde å ta rundt henne, gje henne ein klem, men ho viste ingen kjensler. På ein kafé i bydelen Bildertun sette vi oss for å prate. Det var føremiddag, ei ro låg over rommet. Då ho tok av seg brillene såg eg min eigen alder, vi hadde vorte gamle damer. Og kvar var våre barn? Vi hadde ingen. Eg såg ut vindauget, fekk eit glimt av sola. Det var den same sola eg hadde sett som ung, den som kasta frå seg lys, øydde med energien, som ein instans utan evne til å tenkje på seg sjølv. Ein dag ville også sola gå tom, det visste alle.

Vi fekk kvart vårt rom på ein av dei store aldersheimane i Ladrom, vi møttest i ei stove på ettermiddagane, drakk vin og diskuterte den nye litteraturen, dei unge forfatarane sine forsøk på å skildre samtida. Synne strekte handa etter ein blåbærmuffin, opna den på midten slik ho brukte å gjere. Ho likte å ete den innanfrå, ta til med dei mørke blåbæra og ete seg utover i den lysare baksten. Men det var ingen blåbær der. Eg vart med henne til kjøkenet, i kvar vår stol rulla vi inn dei doble svingdørene. Med unødvendig høg stemme ropte Synne etter sjefskokka. Martha kom straks fram for å høyre kva det var, og Synne syntte henne sin muffin utan blåbær i.

Kvifor er det ingen blåbær i min muffin? Men kjære deg, Synne, eg skal finne ein ny til deg, ein med mykje blåbær i.

Det er ikkje godt nok, sa Synne. Frå no av vil eg at det skal vere like mykje blåbær i kvar muffin.

Men Synne, det kan du ikkje meine, det vil ta mykje lenger tid.

TID? ropte Synne.

Så døydde eg, for ned til dødsriket. Den fyrste tida dreiv eg rundt som eit spøkje, eg visste ikkje kvar eg skulle gå eller kva eg skulle ta meg til. Eg skjøna ikkje korleis ting fungerte. Men litt etter litt kom eg inn i det, utan at eg fann min plass. Ein skulle ikkje ha for store ambisjonar, ikkje prøve å styre noko. La ting gå som dei ville, det var ein trygg regel. Men eg hadde framleis sterke drifter, lyster som velta opp i meg og truga med å vise seg. Ein dag ute på eit stort oskeberg møtte eg ein som gjekk under namnet Koldbjørn. Eg spurte om han ville ha meg.

Kva skal eg med deg? spurte han.

Er det ingenting eg kan gjere? spurte eg.

Nei, ikkje her, sa han.

Du veit det kanskje ikkje, sa eg, men eg er ny her nede, eg vil hjelpe til.

Hjelpe til med kva? spurte han.

Eg la ei hand på hofta hans, sa eg var varm. Koldbjørn såg på meg. Blikket var tomt, det sa ingenting, det var utan syn, utan liv. Men så tok eg også den andre

handa rundt han, eg klemde til, kroppane våre vart pressa mot einannan og litt etter litt merka eg korleis han gjekk inn i meg, vi kom saman til ein. Då Synne kom tok eg også henne, og med det same gjekk ho opp i meg. Eg møtte Nina og Dina, klemde dei. Snart hadde eg også Tina, Sina og Mina, alle eg møtte vart ein del av meg. Lufta drog seg gjennom oss og laga små endringar i historia.